

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, møte 22. juni

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Medlemer til styret i Sogn og Fjordane Holding AS for perioden 2016-2018

Fylkesrådmannen viser til FU-sakene 64/14 og 109/15, samt notat til FU sitt møte 13. april (sak 34/16). Sogn og Fjordane Holding AS skal ha eit styre med tre medlemer og tre varamedlemer i prioritert rekkjefølgje. Fylkesutvalet gjev tilråding til generalforsamlinga om val av styre. Valperioden er to år. Fylkesutvalet peika i sak 64/14 ut følgjande kandidatar til styret for Sogn og Fjordane Holding AS, for perioden juni 2014 til juni 2016:

Styreleiar: Åshild Kjelsnes  
 Nestleiar: Anders Ryssdal  
 Medlem: Noralv Distad  
 Varamedlemer i prioritert rekkefølgje:  
 1. Varamedlem: Nils P. Støyva  
 2. Varamedlem: Anita Nybø  
 3. Varamedlem: Marit Barsnes Krogsæter

Styremedlemene si tenestetid er over ved avslutninga av den ordinære generalforsamlinga i 2016, jf. aksjelova § 6-6 (2). Fylkesrådmannen fremja i november 2015 sak for FU om val av medlemer til styret i Sogn og Fjordane Holding AS for perioden 2016 til 2018. Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 109/15:

*Fylkesutvalet ber om å få framlagt ei sak der Sogn og Fjordane Holding AS vert organisert på tilsvarande måte som F1 Holding AS.*

På bakgrunn av at FU har bede fylkesrådmannen om å legge fram ei sak om endra organisering av selskapet, og ei ev. ny organisering kan medføre endring i tal styremedlemer, ser fylkesrådmannen det som tenleg at FU ikkje peikar ut nye medlemer før FU har handsama nemnde sak.

Dagens medlemer og varamedlemer i styret har stadfesta at dei kan halde fram til det er avklara korleis den nye organiseringa blir. Fylkesrådmannen tilrår difor at medlemene og varamedlemene i styret i Sogn og Fjordane Holding AS blir sitjande inntil vidare, og at fylkesutvalet peikar ut nye kandidatar til styret etter at det er avgjort korleis den nye organiseringa av selskapet blir.

Alternativet er at FU peikar ut nye styremedlemer før utgangen av juni, samt handsamar ei ny sak om medlemer til styret etter at organiseringa er klårgjort. Når det gjeld utpeiking av styre-representantar syner fylkesrådmannen til Eigarmelding 2015, punkt 2.5. Begge kjønn skal vere representert i styret, jf. kommunelova § 80a første ledd, jf. aksjelova § 20-6 første ledd.

**Fylkesrådmannen ber om FU sine ev. merknadar til at det blir protokollført at dagens medlemer og varamedlemer held fram.**